

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Pål Kårbø (Krf) sette på vegne av Krf og A fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslårte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Lyderhorn vidaregåande skule.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.3.

«Fylkestinget vedtek at den nye samanslårte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Laksevåg maritime vidaregåande skule.»

Roald Stenseide (Frp) sette fram slikt forslag:

Endring.

Pkt. 3.

Bergen maritime og vidaregåande skule.

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

Alternativ.

Pkt.4.

«Fylkestinget vedtek at namn på ny skule i nye Øygarden kommune vert Øygarden vidaregåande skule.»

Røysting

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt. 3 fekk ingen røyster og fall.

Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Strømmen sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 8 røyster (A, Krf, Sp, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt.4 fekk 1 røyst (Krf) fall.

Oen sitt forslag fekk 14 røyster (SV, A, Sp, MDG, V, H, Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek at den nye samanslårte skulen Børmlø vidaregåande skule og Rubbestadnes vidaregåande skule vert kalla Børmlø vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at Åsane videregående skole vert kalla Åsane vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den nye samanslårte skulen Laksevåg vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skule vert kalla Lyderhorn vidaregåande skule.»
4. Fylkestinget vedtek at namn på ny skule i nye Øygarden kommune vert Øygarden vidaregåande skule.